

Tabell 3-k

Anslag på frie inntekter i 2013. Kommunane

Tabell 3 viser anslag på vekst i frie inntekter for kommunane frå 2012 til 2013. Som frie inntekter reknast her skatt på inntekt og formue (inkl. naturressursskatt) og rammetilskot. Tabellen viser veksten etter anslag på rekneskap 2012. Alle tala er i nominelle kroner. Prisveksten i kommunesektoren i 2012 – 2013 er anslått til 3,3 pst.

Skatteinntektene, inkl. skatteutjamning, er den storleiken det er knytt mest uvisse til i veksten. Skatteinntektene blir anslått ut ifrå det samla skatteanslaget 2012 og 2013 for kommunane, og kommunane sine skatteinntekter i 2011. For skatt på inntekt og formue tek ein for kvar kommune utgangspunkt i skatt per innbyggjar i 2011, framskrive med innbyggjartalet i 2012. Ut ifrå skatt 2011 framskrive med innbyggjartal 2012, blir det rekna ut kva del som kvar kommune får av berekna samla skatt. Den delen blir nytta til å fordele samla skatteanslag på inntekt og formue mellom kommunane både for 2012 og 2013. I skatteanslaget er anslag på skatteutjamning inkludert. For 2012 og 2013 er utjamninga i skatteinntektene for kommunane 60 prosent.

I berekninga blir naturressursskatten halde konstant, dvs. på 2011-nivå (inntektsåret 2010).

Tala for rammetilskot 2012 er henta frå nivå ved revidert nasjonalbudsjett 2012. Rammetilskotet for 2013 er vist i tabell 1-k. Dei kommunevise anslaga på frie inntekter i 2012 og 2013 inkluderar ikkje tilbakeholdt skjønn, og veksten i dei frie inntektene blir difor påverka av nivået på tilbakeholdt skjønn i dei to åra. Tilbakeholdt skjønn kjem i tabell 3-k fram som ufordelte midlar for alle fylke. Den berekna veksten på fylkesnivå blir difor ikkje påverka av nivået på tilbakeholdt skjønn.

Sidan ein her antar at skatteinntektene berre varierar med innbyggjartalet, vil avvik frå veksten på landsbasis berre skuldast endringar i rammetilskotet frå år til år.

For å gjere tala samanliknbare, noko som er ein føresetnad for å kunne berekne veksten, blir frie inntekter for 2012 korrigererte for oppgåveendringar, regelendringar og innlemmingar av øymerka tilskot i 2013. I 2013 er summen av desse endringane 990,7 mill. kroner for kommunane. Innlemmingar og korreksjonar i 2013 er vist i innleiinga til Grønt hefte. Alle oppgåvekorrigeringar er gjort på kommunenivå, med unntak av korreksjon for auka skjønnsramme på 145 mill. kroner i forbindelse med naturskade i revidert nasjonalbudsjett 2012, som er korrigert på landsnivå. I tillegg er det i landstala òg korrigert for 5 mill. kroner som er overført til kap. 571, post 21 *Spesielle driftsutgifter*.

Veksten i frie inntekter 2012 – 2013 blir berekna frå anslag på rekneskap for 2012. Ny informasjon om skatteinngangen etter revidert nasjonalbudsjett 2012 trekkjer i retning av høgare vekst i skatteinntektene til kommunesektoren i 2012 enn det som er lagt til grunn ved framlegginga av revidert nasjonalbudsjett 2012. Skatteanslaget for kommunane for 2012 er oppjustert med 2,6 mrd. kroner samanlikna med nivået i revidert nasjonalbudsjett. Kommunesektoren får behalde dei ekstra skatteinntektene i 2012. Skatteanslaget for 2013 (skatt på inntekt og formue) er 125,700 mrd. kroner.

Inntektsveksten frå 2012 til 2013, anslag rekneskap, er nominelt 4,1 prosent. Inntektsveksten rekna frå revidert nasjonalbudsjett 2012 er 5,0 prosent.

Kolonne 1 – Anslag på frie inntekter i 2012

Kolonne 1 viser anslag på rekneskap for frie inntekter i 2012. Anslag på rammetilskotet til kommunane, eksklusive skatteutjamning, er henta frå revidert nasjonalbudsjett 2012. Skatteinntektene er framskrive i samsvar med skatteanslaget for 2012 som ligg i nasjonalbudsjettet for 2013, med lik vekst for alle kommunar. I forhold til skatteanslaget i revidert nasjonalbudsjett 2012 inneber dette ei oppjustering på 2,6 mrd. kroner.

Kolonne 2 – Anslag på oppgåvekorrigerede frie inntekter i 2012

Inntektene i kolonne 2 er anslag på rekneskap korrigeret for oppgåveendringar, regelendringar og innlemming av øyremerka tilskot. Det tas utgangspunkt i det same anslaget som i kolonne 1. Oppgåveendringane det er korrigeret for er nærare omtalt i tabell B-k og C-k.

Kolonne 3 – Anslag på frie inntekter i 2013

Kolonne 3 viser anslag på frie inntekter i 2013. Anslag på rammetilskotet til kommunane, eksklusive skatteutjamning, er henta frå kolonne 9 i tabell 1-k. Ved berekninga av anslag på skatteinntektene til kommunane har departementet tatt utgangspunkt i kommunane sine skatteinntekter i 2011. Desse er framskrive i samsvar med skatteanslaget for 2012 og 2013, som ligg inne i nasjonalbudsjettet for 2013. Skatteanslaget for kvar kommune er deretter lagt til grunn for berekninga av skatteutjamninga.

Kolonne 4 – Anslag på korrigeret vekst frå 2012 til 2013

Kolonne 4 viser anslag på oppgåvekorrigeret vekst i frie inntekter frå anslag på rekneskap 2012 til 2013 for kvar kommune i 1000 kroner (kol. 3 – kol. 2).

Kolonne 5 – Anslag på korrigeret vekst i prosent frå 2012 til 2013

Kolonne 5 viser prosentvis oppgåvekorrigeret vekst frå anslag på rekneskap 2012 til 2013.